



Alle s kjarane

Dato: 22.02.2017
V r ref.: 2014/14645-138
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Svar p  s knad om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak - 2017

Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak vart etablert i 2014. I 2017 var det sett av 2 mill kr til denne tilskotsordninga. Ordninga kan finansiere tiltak med ein totalkostnad opp til 250.000 kr, og vidare kan fylkeskommunen finansiere inntil 70 pst av tiltaket, medan det vert kravd ein eigenandel p  30 pst fr  kommunen.

Innan fristen 1. januar 2017 var det komme inn 36 s knader fordelt p  16 kommunar. Ni av kommunane s kte om meir enn eitt tiltak. Totalt vart det s kt om tilskot p  5.418.300 kr, med ein totalkostnad for alle prosjekta p  8.215.000 kroner.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) handsama p  sitt m te den 21. februar 2017 s knadane om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak, og gjorde slikt vedtak:

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vedtek fordelinga av tilskotsmidlar til mindre fysiske trafikksikringstiltak 2017 slik det g r fram av saksframlegget.

	Kommune	Omtale av tiltaket	
1	ASK�Y 1	Haugland skole. Levering og henting.	175 000
2	AUSTEVOLL 4	Etablere fortau fr� Fv til Selbj�rn skule	84 000
3	B�MLO 2	Utbetre kryss ved Langev�g barnehage.	105 000
4	ETNE 1	Rekkverk Sk�nevik.	84 000
5	FITJAR 1	Gang og sykkelveg Kryss Kol�yvegen-�vrebygda skule.	175 000
6	FJELL	Fartshumpar og sikringstiltak vedv Fj�reidevegen. Veglys Blombakkane.	175 000
7	LIND�S 2	Eidavegen mot Ostereidet. Forleng gangveg.	60 000
8	OS 1	Veglys Solbakken.	175 000
9	OS 2	Os barneskule. Av/p�stigning. Oppmerking. Veglys. Fortau.	70 000
10	OSTER�Y 1	Hauge. Fartsdempande tiltak. Fartshumpar og nedsett fartsgrense.	112 000
11	OSTER�Y 4	Rekkverk Kalleklev.	147 000
12	SAMNANGER	5 nye lyspkt. Rydding av kratt og tre. Legge om drenering/overvann.	140 000
13	STORD 1	Kleivane. Intensivbelysning ved eksisterande opph�gde gangfelt.	105 000
14	SVEIO	3 lyspunkt p� eksisterande stolpar langs kommunal veg.	42 000
15	VAKSDAL	Kantsikring Langhellevegen og Toskedalsvegen.	175 000
16	�YGARDEN	Sprengje vekk ein berghammar, for � betre sikt i rundk�yring.	175 000
	OPPSUMMERT		1 999 000

M teprotokoll og saksdokument for denne saka (PS 07/2017) finn de her:
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=675>

Vedtaket inneber at 16 tiltak, fordelt på 14 kommunar, av dei 36 tiltaka får tildelt tilskot. Desse tiltaka er vurdert til å vere dei trafikksikringstiltaka som vil gje best mogleg effekt ut frå tilskotsordninga så avgrensa ramme. To av kommunane; Fusa og Radøy får ikkje tildelt midlar.

Utbetaling vil skje så snart tiltaket er ferdigstilt, og rapport er sendt inn. Det er utarbeidd eit eige rapporteringsskjema som skal nyttast til dette. Rapporteringsskjemaet ligg på fylkeskommunen si heimeside:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-mindre-trafikksikringstiltak-i-kommunane/>

Dersom tiltaket *likevel* ikkje vert ferdigstilt i 2017 må vi ha melding om dette i god tid før nyttår. Vidare vert tilskot gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføre kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknaden og vedtaket.

Vi viser elles til råma for tilskotsordninga, og ber dykk særleg å merke dykk følgjande punkt:

- Tilskotsmottakar er ansvarleg for overskridingar på tiltaket utover kostnadsoverslaget i inngått avtale.
- Ved eventuell kostnadsreduksjon vert tilskotet 70 pst av dei reelle kostnadene.
- Dersom ikkje tiltaket vert ferdigstilt, må kommunen senda melding om ferdigstillingsdato (maksimalt til påfølgjande år).
- Plikt til tilskotsmottakar om å underrette fylkeskommunen dersom nokre av føresetnadene for gjennomføring (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig) ikkje let seg gjennomføre etter føresetnadane.
- Krav til rapportering. Dokumentasjon av tiltaket og prosjektrekneskap.
- Atterhald om at fylkesrevisjonen kan setje iverk kontroll med at tilskotet er nytta slik som føresett.
- Dersom tilskotsmottakar gjev misvisande opplysningar, eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra vil tilskotet verte avkorta/inndrage.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste:

Askøy kommune
Austevoll kommune
Bømlo kommune
Etne kommune
Fitjar kommune
Fjell kommune
Fusa kommune
Lindås kommune
Os kommune
Osterøy kommune
Radøy kommune
Samnanger kommune
Stord kommune
Sveio kommune
Vaksdal kommune
Øygarden kommune